

KYRKJEBLADET

66. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 2/2012

Andakt Side 3

Slekters gang Side 15

Gudstenesteliste Side 16



Spreke konfirmantar i Eksingedalen!

Sjå alle årets konfirmantar i Vaksdal Side 8 og 9

Asbjørn Nese

Side 4

Frå statskyrkje til folkekyrkje

Side 6

Dale Mannskor

Side 10

Barneside

Side 13

www.vaksdal.kyrkja.no

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sekretær Jorunn Våle Tonckens

Tlf. kontor 56 59 39 20

E-post: jorunn@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen
og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf. 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsoe@gmail.com

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

*Infrmasjon om gudstenester, konfirmanntida
og Kyrkjebladet finn du på
www.vaksdal.kyrkja.no*

Bilete på framsida:

Årets konfirmentar i Eksingedalen.

Foto: Anne Margrete Eikefet

Kyrkje klima

Hadde me hatt eit «Engasjementsbarometer» i den lokale kyrkja, ville pila ha peika på «dugnadslyst» for tida. Kyrkjejubileet på Stamnes i fjor viste veg for lokalt engasjement både inni og utanfor kyrkja. Pussing og måling held fram, og snart står Eidsland kapell for tur. Om dei ikkje alt er i gong. Det er i alle fall skaffa både måling og kostar.

Det same skjer på Vaksdal. Dørene er slipte og smurde, portane likeeins. Kyrkjegardsdagar i ulike utgåver rundt om har vorte ein årvisst tradisjon. Verdien av å samarbeide om slike oppgaver skal ikkje undervurderast. Dugnad på kyrkja, eller på andre felles bygg og uteareal har mange sider. Kjensle av å gjere nytte, gleda over å pynte opp, varme frå fellesskapet, gode tilbakemeldingar, litt småkrangling med naboen, og kanskje ein liten dose forvitaskap om eitt og hitt. Alt vert ein herleg miks der alle kan verte vinnarar til slutt. Dette treng me. Det kostar litt tid og engasjement, nokre liter måling eller bensin, og resultatet vert flott. Så får dei kyrkjelege kronene høve til å nyttast andre stader i fellesskapet vårt. Stå på, og lukke til!

Me ynskjer alle våre lesarar ein god sommar.

Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal

tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Berit Vetlejord

tlf. 56 59 64 19 / 918 65 927

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Björgvin bispedømme si heimeside:

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 180,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

Wenche Horvei

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,
5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 28. august 2012.

Ein himmelsk pappa

”Glad i deg, pappa!” leste eg ei ung dame skrive på Facebook. Teksta følgde eit koseleg bilete av far og datter. Det er godt av og til å setje ord på kjærleiken. Det var ikkje nokon overraskande nyhende. Faren visste inderleg godt at dattera var glad i han. Men det gjer godt å høyre orda sagt eller skrive. Det styrker samholdet i familien. Sjølv sagt må orda vere sanne. Ei spontan kjærleiksytring er gjerne det. Yr av glede over å vere saman med ein eller ei som er høgt elska.

Bibelen fortel oss om at vi har ein Far i himmelen. Gud er ikkje berre Jesus sin far, men vår óg. Når vi vert døypte i namnet åt Faderen, og Sonen, og Den Heilage Ande, då får barnet eitt nytt namn. Ikkje berre Ola eller Kari. I dåpen får du Gudsnamnet i tillegg til ditt eige. Frå den dagen skal du kallas teit Guds born, og du får Jesus som bror. Kva tyder så det? Sjå kva Paulus skriv hjå Romerane:

”Alle som blir drivne av Guds Ande, er Guds born. For de fekk ikkje den ånda som slavane har, så de på nytt skulle leva i frykt. Nei de fekk Anden som gjev rett til å vera Guds born, den som gjer at vi ropar: Abba, Far!” Rom. 8.14-15

Abba er det hebraiske ordet for pappa. Mange har eit bilete av Gud som ein streng konge og domar på himmeltrona. Han ynskjer at vi skal kjenne han som den gode, kjærlege



himmelpappaen som er nær. Han som trøystar og held om dei syrgjande. Han som leiker og ein har det moro saman med. Han som fortel dei gode historiane. Han som tilgjev og lækjer såra våre. Han som smiler når han vert klissvåt etter at vi har plaska i badevatnet. Han som gjev tryggleik.

Vi var tre gutar i Bergen som var med i Speidaren. Oterpatruljen var ofte på tur i speidarhytta i Fyllingsdalen. På 70-talet var ho i eit område som låg for seg sjølv, men like fullt nær der det var ganske tøft, og fedrane våre var bekymra for om større ungdomar frå dalen skulle kome og lage bråk. Men dei sa ikkje nei til oss

gutane, om at vi ikkje fekk lov å dra på hyttetur. I staden utan at nokon av oss då visste om det, organiserte dei tryggingsvakt for oss. Dei delte natta i tre skift og gjekk kvar sin vakt like nedanfor hytta. For meg har dette vorte eit godt bilete på den gode kjærlege Faren som strekk seg langt, og lenger enn langt for å trygge borna sine. Slik gjer óg vår himmelske Far. Han gjev oss langt meir enn det vi bed han om. Difor har me óg grunn til å jubla: ”Glad i deg, pappa!” Dei orda er svaret vårt til han som elska oss først, og som frydar seg over borna sine.

*Helsing
Edvard Bø
Sokneprest*

Illustrasjonen er frå boka Orphans To Heirs:
Celebrating Our Spiritual Adoption av Mark Stibbe

Orgelveteranen Asbjørn

Asbjørn Nese er 76 år, har spela orgel i over 60 av desse, og har på det viset sytt for at Eksingedalen har hatt ein «kortreist» organist i eit par mannsaldrar. Han bur på Brakestad saman med Lilly – dei feira gullbryllaup i fjor - og har fire born og 12 barneborn.

-Det starta med at eg lærte meg å spele enkle salmar og melodiar på orgelet heime. Den aller fyrste salma eg lærte å spela frå Koralboka var Fager kveldssol smiler. På 1940-talet var Nesheim kyrkje utan organist i fleire år, og orgelet vart berre sporadisk brukt dei gongene det var engasjert ein organist utanfrå. Så spurte konfirmantpresten min om eg kunne prøve meg som organist i kyrkja. Då hadde eg ei tid spela på jule-trefestar og andre samkome etter at det kom orgel på skulen, og eg hadde spela nokre gonger i kyrkja då det var halde stemmer og møter der.

Den fyrste gudstenesta Asbjørn spela til i kyrkja var Bots- og bededag i Nesheim kyrkje hausten 1951, ein dag som på den tida vart markert på ein fredag. - Og då fann dei vel ut at eg var brukande, seier Asbjørn med eit smil. - Eg var nok veldig nervøs då eg spelte til gudsteneste for fyrste gong – og var nok ikkje nøgd med innsatsen sjølv. Men presten sa i alle fall etterpå at «han greidde seg godt.» Og han meldte dette vidare, så 28. mars året etter fekk eg eit anbefalingsbrev frå Stifts-direksjonen.

Kva er det med orgelet som tiltrekk deg?

- Orgel har eg no alltid likt, me hadde eit heime. Det var eit harmonium, eller eit «trø-orgel» som det og vert kalla. Mora til Asbjørn spela sjølv på orgel, og var ivrig på at Asbjørn skulle lære meir. Han fekk seg korte orgelkurs hjå organisten på Voss nokre vintrar. - Der fekk eg spela på piano, noko som var nytt for meg. Det var fyrst mange år etter at eg var gift at me fekk oss piano.

- Eg skulle bli gardbrukar og overta garden på Brakestad, seier Asbjørn. Han tok over heimegarden i 1971, og 30 år seinare overtok den eine sonen garden. Å bli organist på heiltid var aldri noko realistisk mål: Orgelspeling måtte koma i tillegg, som ei attåtning. Tida som organist på Nesheim hadde nokre avbrekk. - Vinteren 1953-54 gjekk eg på folkehøgskule på Manger – det var forresten der eg møtte Lilly - og eg hadde to vintrar på jordbruksskulen på Stend. Grunna arbeidet på garden var det om vintrane eg gjekk på skule, men då var det no lite med gudstenester i kyrkja likevel. Sommaren 1956 starta Asbjørn å avtene verneplikta. Ho vara i 16 månader, og vart avslutta med eit halvt år i FN-styrken på Gaza. Medan han var i militæret meldte han seg til teneste som organist, og spela til nokre gudstenester der og.

Nesheim kyrkje fekk elektronisk orgel i 1976, og det orgelet lika ikkje Asbjørn. Heldigvis kom det pipeorgel i kyrkja omlag ti år seinare. Asbjørn byrja etter kvart å spela i Modalen. Der fekk dei nytt pipeorgel i 1981, noko han då fekk smaken på. Så skulle det kjøpast orgel til Eksingedalen kyrkje. Der måtte orgelet spesialbyggast grunna plassmangelen på galleriet. Samstundes vart det gjeve tilbod om eit anna orgel, ein standardmodell, til Nesheimskyrkja. Då måtte ein raskt skaffe meir pengar, men det ordna seg.

Gudstenestene handlar mykje om musikk, men mest om den kristne trua. - Det var tradisjon at me gjekk til kyrkja i vår familie, mellom anna då mora mi var av Nesheimsslekta. - Eg gjekk i



Asbjørn fekk i vår Kongens fortensmedalje i sylv. Her frå overrekkinga på Eksingedalen skule 22. april.

Foto: Anne Margrete Eikefet

kyrkja frå barndomen av. Særleg var eg interessert i songen og musikken, og eg syntes at presten vår var flink til å messe liturgien. Og endå kjekkare vart det då orgelet kom.

-Det gjekk lenge før eg tok mot til meg og gjekk til nattverd, seier Asbjørn. Me fekk innprenta i oss under konfirmasjonstida at det å gå til alters var ei alvorleg sak. Viss me ikkje gjorde det med ærleg hjarta ville me ete og drikke oss til doms, som det heitte.

Likevel var det vanleg at konfirmantane gjekk til altars på konfirmasjonsdagen. - Eg var nervøs då, minnes Asbjørn. - Eg heldt ikkje fram med å vere med på nattverden, det var lenge etter at eg vart gift at eg våga meg fram att. - Men no er det heilt naturleg, legg han til.

Dei er nærast tallause, dei sundagane Asbjørn har drege heimifrå for å gjere teneste som organist. Han har ikkje berre spela i Eksingedalen og Modalen, men etter kvart i dei andre kyrkjene i Vaksdal og



Asbjørn Nese fekk kongens fortienstmedalje i sylv den 22. april. Arrangementet starta med ein festkonsert i Eksingedalen kyrkje, og vart avslutta med festsamkome på Eksingedalen skule. Mange godord til Asbjørn og mykje fin song og musikk fylte dagen - i tillegg til god mat. Ordførar Eirik Haga overrekte medaljen som Asbjørn her takkar fint for.

Han har hatt eit bein her i Hardanger og Voss prosti, og eit i Nordhordland prosti, og er framleis ein etterspurt organistvikar i både desse og andre prosti. - Det er klårt at det har kosta for familien når eg har vore vekke så mange sundagar. Og då eg endeleg kom heim ut på dagen var eg ikkje særleg opplagt til å dra på tur eller finne på noko, sjølv om familien ynskte det.

Eit kjenneteikn på Abjørn har vore at han ikkje er redd for å prøve noko nytt. I 2009 våga han seg jamvel frampå som songsolist. - Eg har alltid sunge, men det var noko anna å synge solo. Men frimodet hans har auka sidan «debuten», og han har sunge solo i gudstenester og vore solist i Modalskoret - til dømes i oppføringa «Visst skal våren komme». Asbjørn likar å syngja. Og han likar det når folk syng. -Det er alltid

kjekt når folk syng med på salmane.

Dei siste åra har Asbjørn hatt arbeidsavtalar for eit år om gongen i Vaksdal, og han fann etter kvart tida inne for å gje seg heilt som tilsett organist. Han tenkjer å halde spelinga ved like og kjem framleis til å ta vikaroppdrag. I tillegg er han dreng på garden heime og kyrkjegardsarbeidar på Nesheim, så arbeidslaus vert han ikkje!

*Intervju/tekst:
Frode Kvamsøe*

Ikkje ny organist ennå

Grunna den økonomiske stoda i Vaksdal kyrkjeleg fellesråd er likevel ikkje stillinga til Asbjørn lyst ut. Inntil vidare er det kanorane Steinkopf som kjem til å gjere teneste i dei aktuelle kyrkjene.

I slekt med Vaular

Det er ikkje berre Asbjørn som har musikalske evner i slekta hans. Han og mora til Lars Vaular er syskenborn. Så då er vel Asbjørn og Lars noko slikt som halvtremeningar?

KAFFEKROKEN



Frå statskyrkje til folkekyrkje

21. mai er datoen då vedtaket vart gjort i Stortinget om at Den norske staten ikkje lenger skal halde seg med ei eiga kyrkje/religion. Det måtte endringar til i Den norske grunnlova, og dette er største endringa sidan ho vart vedteken 17. mai 1814. Sju paragrafer er blitt endra eller oppheva. Det var på grunnlag av eit politisk forlik av 10. april 2008 der partia forplikta seg til endringane over to Stortingsperiodar. Mange gler seg over endringa. Nokon syrgjer, og atter andre veit ikkje heilt om det var bra eller ikkje.

KVIFOR SKILJE STAT OG KYRKJE?

Statskyrkja har røter i ei anna tid tilbake til reformasjonen og "Enevoldstiden". Kongen styrte i landet på alle område, og fastsette kva som skulle vere religion i landet. Reformasjonen i Danmark-Norge var eit politisk kupp der kongen tok makt over «kyrkja og alt dens jordegods». Dei katolske biskopane og prestane fekk vær så god verte Lutheranarar eller forlate landet. Sjølv sagt stødde kongen seg og på prester som var ihuga tilhengjarar av Martin Luther og reformasjonen i Tyskland.

Statskyrkja vart kongens administrasjon og tilrettelegging av det religiøse livet i landet. Dette fungerte i ein einskapleg kultur slik det var i landet i hundreåra etter reformasjonen. Men situasjonen har gradvis endra seg dei siste om lag 200 åra etter grunnloven kom. I dag er det eit anna religiøst mangfald, med og ei rekkje ulike kristne kyrkjesamfunn og tradisjonar. Mange vel samstundes å stå utan ei religiøs tilknytning og ramme for livet. Det har vorte ugrent med politisk styring av eit religiøst samfunn. Gjennom dei siste 100 åra har det vore ein lang prosess med ulike reformer, som i dag gjer at kyrkja står rusta til å styre i

eiga hus. Siste prøvesteinen var demokratireforma som tok for seg valsystemet med eit breiare valgrunnlag for dei ulike demokratisk valte organa i kyrkja; sokneråd, bispedømmeråd og kyrkjemøte.

KVA ENDRINGAR HAR SKJEDD?

Det er ikkje dei store synlege endringane i møte med kyrkja lokalt. Det vert ikkje lenger Kyrkjeleg statsråd som skal tilsetje biskopar og prostar. Det er no 22 år sidan sokneprestane og residerande kapellanar sist vart utnemnd i statsråd. Dette gjer at det noe er sjølvstendige kyrkjelege organ som tilset sine leiarar heilt til topps i kyrkja. Første biskop etter nyordninga vert Biskopen i Agder etter Skjevesland som no er gått av.

KORLEIS VIL MORGONDAGEN SIN KYRKJE SJÅ UT?

Her er detaljane enno ikkje på plass. Det var naudsynt først å få endringa i Grunnlova i hamn og overføring av mynde til dei kyrkjelege organa. No vil det verta ein prosess med først høyringar ute i kyrkjelydane om strukturane, for så ei grundig handsaming til topps i kyrkjemøtet. Det er ulike grupperingar i kyrkja som tenkjer ulikt om kva som er høvelege

eininger for å leie kyrkja. Tanken om nærleik og styrking av lokalkyrkja er der på tvers. Men nokon meiner det skjer best ved å utvide og styrkje prostiet som eit mellomnivå. Andre meiner det helst bør skje i ei todeling av ansvar mellom Sokneråd/Fellesråd og Bispedømme. Med andre ord: Kvar skal prestar og andre kyrkjeleg tilsette tilsetjast? Kor får dei best og nærast profesjonell oppfølging? Bak ligg og spørsmålet om den kyrkjelege økonomien. Vi veit ikkje i dag heilt korleis kyrkja vil sjå ut om 5-10 år. Dei som er interesserte kan no vere med å forma kyrkja for morgondagen gjennom å ta del i ordskiftet.

Luther kalla spørsmålet om kyrkjeordning for eit adiforon, det tyder at ordninga er ikkje avgjerande for om kyrkja er kyrkje eller ikkje. Difor har vi kunna leve godt med ei statskyrkje i 500 år. Men når no tilhøva har endra seg skal vi leve godt, ja kanskje betre med i ny kyrkjeordning der vi har som biskop Olav Aarflot gjerne sa "Latt kyrkja få lov til å vere kyrkje." Samstundes gjeld nok det om graset er grønare på andre sida av gjerdet? Mykje blir rettare og enklare, men vi får ei rekke nye utfordringar som må taklast på ein god måte.

Det er kyrkja mogen for å klare.

ORD OG SAKRAMENT

Det som konstituerer kyrkja er at ordet vert forkynt rent, og sakramenta vert forretta retteleg. På dette punktet endrar ikkje grunnloven noko, for dette er nedfelt i dei vedkjenningskriftene som kyrkja vår byggjer på. Såleis er kyrkja den same, og treng prester og ulike medarbeidarar som lærer og lever rett. Kyrkja må dessutan vere eit samfunn av heilage som trur på Jesus og set sin lit til han. Gud har skapt oss til ei levande kyrkje som er bygd av levande steinar. Trua i folket kan aldri sikrast med paragrafer i lova eller som ein statleg religiøs institusjon. Ho kan berre forkynnast fram av truande lekfolk og prestar som har fått hjartet satt i brann ved Den Heilage Ande. I så måte har eg god von for kyrkja vår i åra framover. Det er ikkje korleis vi styrer det kjem an på, men korleis Herren leier si kristne kyrkje. Den nyordninga vi no har fått trur eg Herren vil bruke til å fornye kyrkja og folket til eit levande engasjement for evangeliet om Jesus Kristus.

Sokneprest Edvard Bø

Festeavgiftene aukar

Festeavgifta er auka til kr 100,- pr år frå og med 2012. Festeavgifta vert fastsett av kommunestyret, etter framlegg frå kyrkjeleg fellesråd. Det vert til sommaren sendt ut rekning med krav om innbetaling av festeavgift for ti år framover, for dei avtalane som har hatt forfall. Festeavgifta er den same anten det er gamle graver eller nye. Det kan likevel verte aktuelt å auke avgiftene for eldre graver der det minkar på plassen, slik som på Dale og Stamnes. Den som er oppført som festar, det vil seie ansvarleg for grava, har både rettar og plikter i høve til dette ansvaret. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål om dette.

Kyrkjegardsdagar

Kyrkjegardsdagane har vorte ein hyggeleg tradisjon, trass i at namnet ikkje yter tiltaket rettferd. Kanskje «Vårstell på kyrkjegarden» kunne vorte brukt i staden. Dagen vert nytta til litt ulik aktivitet rundt om, men felles for alle er vaflar, kaker og kaffi. Bergsdalen har til vanleg nytta dagen til oppretting av skeive gravsteinar, jamning av plenen, måling av dører og vindauge på kyrkja, og planting rundt om. På Nesheim, Eksingedalen (Flatekval), Eidslandet og Stamnes har ein kjøpt plantar frå Astrids gartneri, som kjem til stadane med eit rikt utval. Litt dugnadsarbeid vert gjort i same stunda, og treng ein hjelp til å setje ned ein plante på ei grav, ordnar det seg. Velta og usikra gravsteinar vert registrerte, slik at festarane får melding om det. Som oftast er det ein gravsteinsleverandør til stades, slik at ein kan få råd om oppretting, vasking, endringar og sikring av gravsteinane om det er trong for det. Alt i alt eit godt tiltak.

Utandørs gudstenester i sommar

Dei komande to månadane vert det fleire høve til å samlast til gudsteneste utandørs i Vaksdal. Felles for dei er at ein held gudsteneste fyrst, og har matøkt etterpå – maten tek ein i dei fleste høve med seg sjølv. Vert veret for dårleg til at ein kan vere utandørs, flyttast det heile til dei respektive sokna sine kyrkjer. Ta gjerne kontakt med den aktuelle presten om du er usikker på om gudstenesta vert utandørs eller innandørs. Kontaktinformasjon og fleire detaljar om gudstenestene finn du ein annan stad i Kyrkjebladet

Sundag 1. juli er det stølgudsteneste i Bergsdalen. Då samlast me på Høgestølen ved

Kaldestad. Der skulle stølgudsteneste vore i fjor, men ho måtte flyttast grunna dårleg vær. Det tek om lag ein halv time å gå dit, og ein kan parkere bilane ved kraftstasjonen på Kaldestad.

Sundag 15. juli er det Dalastemna. Då er me samla ved Storavatnet på fjellet mellom Flatekval i Eksingedalen, og Farestveit i Modalen. Ein må rekne med å gå i omlag ein og ein halv time frå Flatekval, og den fyrste strekninga er ei stigning opp fjellsida. Det vert felles avgang frå Dalastova kl. 10.

Sundag 29. juli – Olsok – er det gudsteneste på Leiro på Eidsland. Ein må rekne med å gå i om lag ein time frå

Myster for å koma dit. Gudstenesta vert kl. 15, og det gjer at de som tenker seg på konsert i Stamnes kyrkje same kvelden rekk begge delar.

Sundag 26. august er det Fest på kjerka i Messehagen på Dale, og den vert arrangert i samarbeid med Sjømannskyrkja. Frå Sjømannskyrkja kjem Espen Ingebrigtsen, som mange hugsar att frå hans tidlegare besøk i samband med dette arrangementet. Dale sokne sine konfirmantar vert presenterte for kyrkjelyden i den gudstenesta, og Torsdagsklubben er med og spelar. Etter gudstenesta er det kyrkjekaffi - sjølvsagt med vaflar!

Arbeid ved Stanghelle gravplass

Jernbaneverket opplyser at det vert arbeidd med utviding av perrongane ved Stanghelle stasjon i perioden fram til 17.juli.

Arbeidet kan påverke gjennomføringar av eventuelle gravferder til Stanghelle gravplass, men skal ikkje vere til direkte hinder for at ein kan nytte gravplassen. Sjå oppslag og informasjon.

Kyrkjeverja i Vaksdal

Innskriving av konfirmantane

I Vaksdal startar konfirmantåret med ein ny vi. Konfirmantane har skrive seg inn ved personleg fram møte i kyrkja, saman med foreldre eller føresette. Dette gjaldt konfirmantane i dei tre sokna Vaksdal, Dale og Stamnes, og skjedde like før St. Hans.

- Me gjorde det slik av fleire grunnar. Me ynskete å møte og helse på kvar ein skild konfirmant før konfirmantåret tek til. Me nytta høvet til å gjef informasjon og svare på eventuelle spørsmål om konfirmasjonstida. For oss var det mellom anna viktig å understreke at det må vere ungdommen sitt eige val å vere konfirmant – og at når dette valet er teke ligg det ei forplikting i det valet til å ta del i konfirmantopplegget slik det ligg føre.

Når då kontakten er etablert trur me at alt ligg til rette for eit kjekt og spanande år for konfirmantane.

2013 KONFIRMANT



SØNDAGSSKULEN
Jesus til barna

Søndagsskolen for Stanghelle og Dale
held fram kvar tredje
sundag kl. 11-12
i Dale bedehus

Alle born frå 3 år og oppover er velkomne
Datoane i haust:
2. september
23. september
14. oktober
4. november
25. november

Konfirmantane i Vaksdal



Konfirmantar i Bergsdalen kyrkje 27. mai 2012 Frå venstre: Erling Fagerbakke Fosse, sokneprest Frode Kvamsøe, Martin Fosse Osvold.

Foto: Per Småbrekke



Konfirmantar i Eidsland kapell 29. april 2012. rekkje frå venstre: Erika Iversen, sokneprest Edvard Bø 2. rekkje frå venstre: Jonas Møster Larsen, Isak Ari Johannsson.

Foto: Anne Margrete Eikefet



Konfirmantar i Vaksdal kyrkje 6. mai 2012 1. rekkje frå venstre: Åshild Stanghelle Bruvik, sokneprest Edvard Bø, Malin Stavenes. 2. rekkje frå venstre: Anita Igland, Anne Britt Rongved Brunsvik, Lina Eide Vågen, Erik Skaftun Boge 3. rekkje frå venstre: Max Berge, Vetle Hammersvik Amundsen, Jonas Bakke Amundsen, Ruben Mjelde Alvheim.

Foto: Thomas Nøkling



Konfirmantar i Eksingedalen kyrkje 2. juni 2012 Sokneprest Frode Kvamsøe, Magnus Trefall, Ingrid Trefall.

Foto: Anne Margrete Eikefet

denne våren



Konfirmantar i Stamnes kyrkje 13. mai 2012 1. rekkje frå venstre: Kine Skjervheim Vedaa, sokneprest Edvard Bø, Christian Lunde Stamnes 2. rekkje frå venstre: Morten Skjerve, Henrik Balestrand, Vegard Straume, Marius Hvidsten Hesjedal, Preben Havn Holmefjord.

Foto: Svein Tøsse



Konfirmantar i Dale kyrkje 6. mai 2012 1.rekkje frå venstre: Jonas Auro Indrebø, Hanna Birkeland, sokneprest Frode Kvamsøe, Malene Knutsen Aga, Olav Stamnes Bjørnberg. 2. rekkje frå venstre: Nicolai Rolland Sellevold, Hanne Dale Sellevold, Sigurd Øygard Steinkopf, Stine Kallestad Solstad, Ole Marius Jakobsen, Anette Hansen Dalseid, Robert Tvedt Grenasberg, 3. rekkje frå venstre: Benedicte Boge Svarstad, Sara Farestveit, Kate-Marie Rødberg Arne, Odd Inge Tveterås Eliassen, Michelle Kraft. 4. rekkje frå venstre: Preben Kleppe Lilletvedt, Viljar Birkeland, Sindre Johannes Skorpen Kvamme, Tomas Låstad Eide Hesjedal, Malin Gjerme Jakobsen, Katarina Standal.

Foto: Janne Berge

Avisa Hordaland har hatt ein artikkel om Dale Mannskor som dei velviljug let oss få lov til å ta med i Kyrkj

30 katedralar på 30



Dale Mannskor og Cardinal Angelo Comastri på "bakrommet" etter at Dale Mannskor som einaste kor frå Noreg har vore med under ei heilag-messe i Peterskyrkja i 2009. Foto: Ole Johnny Domben

Få, om nokon, kan skryta av det same som songarane i Dale Mannskor. Sidan 1982, har dei sunge i 30 kjende og mindre kjende katedralar over heile Europa!

Det heile starta då Dale Mannskor vart norske meistrar i 1982. Same året reiste koristane til korsongen sitt heimland, Wales, for å delta på konkurransar der.

– Det var sjølvsgat moro, seier Lars Ragnvaldsen, koret sin dirigent og kunstnarlege leiari gjennom snart 42 år.

– Men me fann etter kvart ut at å delta på norske konkurransar ikkje var så interessant. For det første var det kanskje berre to-tre deltakarar i mannskorkklassa, og for det andre var det dyrt å delta. Så dyrt at det ikkje appellerte til «vanlege», berre til dei profesjonelle kora som kunne hyra inn songarar. Dermed måtte me tenkja alternativt.

ST. PAUL'S CATHEDRAL i London stod på lista over konsertstader for den første utanlandsturen. Den aller første konserten gjekk i katedralen i Chester. Det vart med dei to konsertane første året.

Ein skulle kanskje tru at det å syngja i St. Paul's eller i Peterskyrkja i Roma måtte vera høgdepunkta for eit mannskors frå vesle Dale, men Ragnvaldsen nemner heilt andre og meir ukjende katedralar som dei største opplevingane.

Likevel var det sjølvsgat spesielt å syngja i Peterskyrkja i Roma.

– Me hadde kardinal Angelo Comastri, ansvarleg for alle bygingar i Vatikanet, som vår kontaktperson og guide. Alle songarane fekk ein kross i gåve frå paven.

Det mest spesielle hende likevel då koret skulle ut av Vatikanet. For alle første gong fekk ein buss lov til å køyra

inn i Vatikanet!

– Ein av songarane hadde helseplager som gjorde at han hadde vondt for å gå. Ingen trudde på førehand at Vatikanet ville gje løyve til sleppa inn ein buss, men jammen gjekk det! Seier Ragnvaldsen.

DEI TIDLEGARE AUST-EUROPEISKE landa står høgt på Ragnvaldsen si liste over opplevingar. Det gjeld både dei baltiske statane, Polen, Tsjekkia, Slovakia og Ungarn.

– Fantastisk vakre katedralar, og publikum er så utruleg interesserte i musiken. Dei kjem og spør etter konsertane.

Eit definitivt høgdepunkt var konsertane i katedralen i den polske pilgrimsbyen Jasna Góra. Hit valfartar det årleg 7-8 millionar katolikkar for å oppsøkje kapellet til Den svarte madonna.

– Me song først i hovudskipet på den enorme katedralen. Det er eitt av dei lengste kyrkjeskipa i Polen. Men så måtte me vera med og syngja i Den svarta madonna sitt kapell. Under konserten stod det 1.500 menneske i kø for å få nattverd!

– SKAL EG NEMNA EIN spesiell konsert, må det verta konserten i Montserrat. Eigentleg eit benediktinarkloster oppe i fjella om lag ein times togtur nordvest for Barcelona. Ein fantastisk stad og ein fantastisk katedral bygd rett inn i fjellet. Klosteret sitt gutekor, eitt av dei aller beste i sitt slag, heldt konsert i katedralen kvar ettermiddag. Me hadde først ein konsert i våpenhuset. Deretter hadde me ein halvtimes konsert inne i sjøve katedralen, ein konsert som kulminerte med at gutekoret song saman med oss. Det er

Kyrkjebladet:

år

stort for «gamle gutar» frå vesle Dale å få syngja saman med eit slikt kor.

DET ER IKKJE GJORT i ei hand vending å få til desse utanlandskonsertane.

– Nei, det er eit stort arbeid som ligg bak. Det tek gjerne 6-8 månader før alt er på plass. Det må sendast søknader og repertoarliste som skal gjennomgåast og godkjennast. Arrangørane plukkar ut dei ynskjer at me skal syngja, og det er ein god del att og fram før alt er klappa og klart.

Ragnvaldsen og koret sin leiar, Ole Johnny Domben, er dei to som har det aller meste av arbeidet med desse utanlandske konsertturneane.

Men sjølv om det tek mykje tid å få alle detaljar på plass, ligg ikkje Dale Mannskor på latsida når det gjeld lokale og nasjonale konsertar. Opp gjennom åra har det halde tallause konsertar på Landssongarstemne og på kyrkjekonsertar, og særleg er det området mellom Bergen og Voss som har fått nytta godt av deira kvalitetar.

OPPLEVINGANE har vore mange og store på utanlandsturane. Alle er ikkje med kvar gong, men alle songarane i koret har vore med ein eller fleire gonger. I tillegg er ekte-makar og sambuarar med på turane, så fylgjet frå Dale tel gjerne kring 50 når dei dreg i utlegd.

– I 2006 var koret 75 år, og jubileumsturen til Polen baud på mange store opplevingar. Ikkje minst turen ned i saltsteinkapellet i Jasna Góra som ligg 130 meter under bakken. Alt er hogd ut i saltstein, sjølv både rommet og all utsmykkinga, mellom anna eit relieff over den siste nattverden. Heilt fantastisk!

Også i dette kapellet heldt mannskoret konsert.

– Ei oppleving av det meir morosame slaget var då me song i Kølnerdomen ein gong på 80-talet. Me hadde sunge nokre motettar av Knut Nystedt. Etter konserten kom nokre amerikanske turistar fram og spurde kvar i USA me kom frå. Dei tykte vel kanskje vår Dale-engelsk høyrdest ut som ein eller annan brei amerikansk dialekt!

NILS KVAMSDAL | tekst
nk@avisa-hordaland.no

Artikkelen sto i Hordaland 28/12-11

Vaksdal kyrkje har fått nytt tak



I april og mai har Voss Bygg og Landskap skifta taktekinga på Vaksdal kyrkje. Skiferen vart teken ned, og papp og lekter skifta ut. Skiferen vart nytta om att, men om lag 35 heller måtte skiftast ut med nye. Då den opphavlege asfaltappen som låg på sutaket vart fjerna, viste det seg at sutaket var mest like fint som nytt. Noko måtte bytast ut ved tårnet på sørsida, men dette var ein gamal skade frå ein lekkasje som vart reparert i det førre hundreåret. Det vert ofte ståande slik, når ein berre har råd til mindre reparasjonar.

Kyrkja har aldri vore isolert i taket, noko som kan forklare kvifor straumutgiftene for denne kyrkja åleine har vore like høg som på dei andre seks kyrkjene til saman. Etterisoleringa vart ei stor utfordring. Korleis kunne ein isolere taket utan å lage fuktspærre på innsida, og dermed risikere råteskader i konstruksjonen? Ville isoleringa gjere noko med akustikken i kyrkja, og måtte ein fylle kyrkja med dyrt stillas for å utføre arbeidet?

Isolasjonsmaterialet som vart valt, «Isofiber», er laga av oppmalt avisepapir. Det er impregnert med brannhemmande mine-

ralar, som og hindrar soppvekst. Når ein fyller eit holrom med Isofiber pakkar det seg til ei tjukk matte som kan likne på dei mjuke Huntonittplatene som vart nytta på innsida i gamle tømmerhus. Materialet pustar, og kan ta opp og gje frå seg fukt frå innelufta. Dette er ein viktig eigenskap i dette høvet.

Det vart rådført med Riksantikvaren og anna ekspertise, og etter ei samla vurdering sette me i gang.

Isolasjonen vart blåst inn frå utsida, gjennom hol i sutaket. Dermed kunne alt dette arbeidet gjerast utanfrå, samstundes med skiferarbeidet.

Undervegs i arbeidet fekk me ei overrasking. Det var ei sprekk i taket rett under eit av blåsehol, og isolasjonen fann vegen inn i kyrkja. Sirkulasjonsviftene i kyrkja var i drift, og isolasjonen la seg som eit grått teppe over takbjelkane og benkane. Det var ikkje anna råd for isolatøren enn å ta vaskinga på forsikringa. Heldigvis vart dei ferdige med oppreinskinga til konfirmasjonen.

No forventar me lågare straumrekningar, og ikkje minst ein lang periode utan frykt for lause skiferheller.



Vaksdal kyrkjelege fellestråd 2011-2015



Vaksdal kyrkjelege fellestråd er rådet som skal syte for gode rammevilkår for sokna og kyrkjelydane i kommunen. Det er ein representant for kvart sokneråd, ein representant for biskopen (soknepresten) og ein vald av kommunestyret. Kyrkjevjerja er sekretær for rådet, og dagleg leiar for verksemda.

Bak frå venstre: sokneprest Frode Kvamsøe, Anne Hilde Fosse Osvold (Bergsdalen) Eidrunn Straume Normann (Stamnes) Haldis Bjøtveit Øvstedal (Nesheim) Kari Brørvik (Eksingegdalen) Odd Arild Faugstad (Vaksdal) Framme frå venstre: Kyrkjevjerje Svein Tøsse, leiar Roy Steinsland (Dale), ordførar Eirik Haga.



NYE GENSARAR TIL KORSKULEN

Korskule i Vaksdal er tre kor i eitt: Stamnes barnekor, Dale og Stanghelle barnesongkor og Vaksdal barnekor. Kantorane Olav Arne og Tone Synnøve Ø Steinkopf er leiar for alle kora, og i somme høve opptre ei og dreg på tur saman. No har dei fått gensarar som er med og understrekar at dei er tre kor i eitt, og då ei hadde konsert i Dale kyrkje 13. mai tok dei gensarane i bruk for fyrste gong.

KONFIRMANTJUBILEUM HAUSTEN 2012

DALE KYRKJE

7. oktober kl. 11.00: 50- og 60-årskonfirmantar

VAKSDAL KYRKJE

21. oktober kl. 11.00: 50-årskonfirmantar

STAMNES KYRKJE


27. oktober: 50-årskonfirmantar

Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrjekontoret

Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.
111 sider - **NY PRIS kr 150,-**.
Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.




Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider - **NY PRIS kr 200,-**.
Kan kjøpast her:
Dale: Gyda
Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja



Kyrkjestaden Dale 100 år

(1996)
104 sider – kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja

(1986)
239 sider – kr. 50,-.

Jubileumshefte for Stamnes kyrkje

(perioden 1986-2011)
er til sals på Coop Stamnes og hjå soknerådsmedlemmene. Pris kr 100,-.




BARNAS SIDE




Fargelegg

Tegning: Chris Murphy



Prikk til prikk

Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre. Hva skjuler seg her?



Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?



nettSPRELL.no

- Musikkvideoer
- Tegnefilmer
- BARNAS-konkurranser

Søndagsskolens nettside for barn!

BARNAS

14 blader + DVD + CD
= kun 359,-

(privatabonnement hjem i posten)
Gruppeabonnement kun 179,- pr barn



Bestill på barnas@sondagsskole.no eller på telefon 22 08 71 00



TÅRAGENTENE

tarnagentene.no
Tårnagentenes eget nettsted!

**HVOR STOR
VARMEPUMPE
TRENGER DU
EGENTLIG?**

GRATIS
BEFARING
55 200 201
Ring i dag!

Ulike boliger trenger
Ulike løsninger.

Godt & Varmt

Hardangeveien 20, salg@godtogvarmt.as, www.godtogvarmt.as

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no


 **Liv Anne's AS**
Kafé – Bakeriutsalg – Catering
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle
Kaldtbord
Snitter

Minnesamvære:
• Dekking
• Mat
• Servering

 **BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

 **coop
marked**

Opningstider:
Mån-laur 8-20
Søn 12-20

Avd. 405 Dale


5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

**SÆTERDAL
ELEKTRO**

Me leverer alt innan elektrika-
tenester, også varmpumper.
Tlf. 56 59 43 00

 **SparebankenVest**
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

 **VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.
Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå
Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

 **STEINRIKET
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

Frys du???

AO-senteret KF kan hjelpa deg med:

- Ved
- Pulsvarmarar
- Tøva tøflar
- Babyteppe
- Ullsjal / Halsar

DIN BUTIKK PÅ DALEGARDEN

Opningstider: 7.30 - 15.00

Tlf. 56 59 67 78 • aosenteret.no

ao-senter@vaksdal.kommune.no



Dale of Norway

56 59 54 00



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet

56 59 89 34

TOMME-
STOKKEN BYGG AS



NorDan Bytt til meir energisparande vindauge og merk forskjellen i vinter!

Vi utfører alt innan nybygg og rehabilitering.

Tlf. 477 50 467 og 481 44 680

UTFØRER ALT INNEN
TØMRERARBEID

BYGGMESTER
FRED BJØRNBERG AS

Tlf. 56 59 78 88

fred@vaksdalnet.no

SLEKTERS GANG

DØYPTE



Dale

08.04.2012 Victoria Irena Laskowska Andersen

06.05.2012 Leon Boge-Sørensen

06.05.2012 Henrik Hansen Oppedal

Bergsdalen

27.05.2012 Viljar Hetterud-Dale

Nesheim

10.06.2012 Heidi Nesheim

Stamnes

22.04.2012 Steffan Matheo Junior Olsen Tveit

17.06.2012 Leo Zacharias Christianson

Vaksdal

11.03.2012 Veslemøy Langhelle Magnussen

11.03.2012 Sigurd Olsen

VIGDE



Dale

21.04.2012 Nina Alice Vedå og Holger Krogsrud

Bergsdalen

16.06.2012 Janne Eikeland og Geir Morten Robstad

Vaksdal

26.05.2012 Stine Njåstad og Ronny Boge

DØDE



Dale

06.03.2012 Sigrid Stanghelle f. 1917

21.03.2012 Ragnhild Hvidsten f. 1916

07.04.2012 John Samuelsen f. 1925

07.04.2012 Alfred Ekse f. 1927

24.05.2012 Bjørgfrid Flostrand Hansen f. 1930

03.06.2012 Konrad Knutsen f. 1921

11.06.2012 Magda Vaksdal f. 1928

Eidsland

06.03.2012 Bergliot Nesse f. 1916

Stamnes

11.03.2012 Richard Audun Johnsen f. 1948

20.04.2012 Jan Agnar Vik f. 1955

19.05.2012 Karen Gunhild Vik f. 1934

21.05.2012 Solveig Mellesdal f. 1922

Vaksdal

24.02.2012 Thaletta Vaksdal f. 1920

17.03.2012 Arne Boge f. 1947

03.04.2012 Ragnhild Margrethe Brekke f. 1930

18.05.2012 Anna Urhaug f. 1924

01.06.2012 Brita L Boge f. 1930

05.06.2012 Solveig Torkilsen f. 1932

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 1. juli

5. SUNDAG I TREEININGSTIDA Matt 7, 21-29
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. John Ove Thaule. Nattverd.
Offer til Kirkens SOS.
BERGSDALEN kl. 15.00. Stølgudsteneste på Høgestølen ved
Kaldestad. Edvard Bø.

Sundag 8. juli

6. SUNDAG I TREEININGSTIDA Matt 16, 13-20
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. Offer
til Sjømannskyrkja.

Sundag 15. juli

7. SUNDAG I TREEININGSTIDA Luk 19, 1-10
VED STORAVATNET, EKSINGEDALEN kl. 12.00. Dalastemna. E. Bø.

Sundag 22. juli

8. SUNDAG I TREEININGSTIDA Mark 12, 37b-44
DALE KYRKJE kl. 11.00. Nasjonal 22. juli-markering. Frode
Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Offer til Norsk Folkehjelp.

Sundag 29. juli

9. SUNDAG I TREEININGSTIDA Joh 8, 2-11
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.
Offer til HimalPartner.
LEIRO, EIDSLAND kl. 15.00. Olsokgudsteneste. Frode Kvamsøe.

Sundag 5. august

10. SUNDAG I TREEININGSTIDA Matt 18, 21-35
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.
Offer til Kirkens Bymisjon.
STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste. Frode
Kvamsøe. Offer til HimalPartner. Kyrkjekaffi.

Sundag 12. august

11. SUNDAG I TREEININGSTIDA Mark 2, 23-28
Ingen gudstenester i Vaksdal.

Sundag 19. august

12. SUNDAG I TREEININGSTIDA Luk 8, 1-3
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.
Offer til Blå Kors Norge.

Sundag 26. august

13. SUNDAG I TREEININGSTIDA Luk 12, 41-48
MESSEHAGEN, DALE kl. 11.00. Fest på kjerka. Espen Ingebrigtsen
frå Sjømannskyrkja og Frode Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.
Offer til Sjømannskyrkja.
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Offer
til Barnarbeid på Eidsland.

Sundag 2. september

HAUSTTAKKEFEST
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00 Bergsdalsstemna med
Hausttakkefest. Frode Kvamsøe.
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00 Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

Sundag 9. september

15. SUNDAG I TREEININGSTIDA Luk 10, 38-42
STAMNES KYRKJE kl. 11.00 Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe.
Konfirmantpresentasjon. Offer til kyrkjelyds / konfirmantarbeid.
VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Ungdomsgudsteneste. Edvard Bø.
Konfirmantpresentasjon. Offer til Acta barn og unge i Normisjon.

Sundag 16. september

16. SUNDAG I TREEININGSTIDA Matt 5, 10-12
Ingen gudsteneste i Vaksdal.



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsøm

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no